



## Møteinnkalling

---

<b>Utval:</b>	<b>Jostedalsbreen nasjonalparkstyre</b>
<b>Møtestad:</b>	Hotel Alexandra, Loen
<b>Dato:</b>	20.06.2023
<b>Tidspunkt:</b>	10:00

---

Velkomen til det tredje møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2023.

Møtet finn stad tysdag 20.juni kl 10:00 på Hotel Alexandra i Loen.

Fyrste del av møtet vert det ei synfaring til Bødalsætra i Lodalen.

Vi satsar på at møtet er ferdig seinast kl 16.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltarane Trygve på tlf 95 79 44 84 eller Tor Arne på tlf 90 19 24 71.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing

Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge  
Nasjonalparkforvaltarar



## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 15/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/23	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 17/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Klage på vedtak om avslag på fasadeendring - Sunndalssætra - Sverre Guddal		2023/3526
ST 18/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Briksdalen - søknad om fleirårig løyve til motorferdsel - vedlikehald av turveg - Per Briksdal		2023/8944
ST 19/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Skåla - Fleirårig løyve til motorferdsel med helikopter - Bergen og Hordaland Turlag		2023/6883
ST 20/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Lundebotn-Tverrfjellet - Innspel til planprogram - Jostedalsbreen AS		2023/3252
ST 21/23	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
ST 22/23	Delegerte saker		
DS 2/23	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Skåla - Motorferdsel med helikopter - Bergen og Hordaland Turlag		2023/6883
DS 3/23	Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel med helikopter - Sunndalssætra - Sunndalen sankelag		2023/7635
DS 4/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til utvida av periode for flyging - Storselet på Sunndalssætra		2019/4933
DS 5/23	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til motorferdsel i samband med nasjonalt overvakingsdprogram - Heliwing Helikopter		2023/7725
DS 6/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til frakt av grus , materialar til klopplegging og gjerdemateriell - Erdalen beitelag		2023/8949

**ST 15/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 16/23 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**



Arkivsaksnr: 2023/3526-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 14.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	17/23	20.06.2023

## Jostedalsbreen nasjonalpark - Klage på vedtak om avslag på fasadeendring - Sunndalssætra - Sverre Guddal

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret kan ikkje sjå at det i klaga kjem fram nye moment som ikkje var kjent og vurdert på vedtakstidspunktet. Jostedalsbreen nasjonalparkstyret held fast på tidlegare vedtak og avslår søknaden om fasadeendring på Haraldeselet på Sunndalssætra. Klaga med vedlegg vert oversendt Miljødirektoratet for endeleg handsaming, jamfør § 33 i forvaltningslova.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gjev utsett verknad av pålegg om retting gjeve i utvalssak 11/23, fram til klagesaka er ferdig handsama, jamfør forvaltningslova § 42.

### Dokument i saka

- Klage på vedtak, fasadeendring Haraldeselet Sunndalssætra, datert 06.06.2023.
- Jostedalsbreen nasjonalpark - Utvalssak 11/23 - Retting av tiltak – verandadør på Haraldeselet Sunndalen
- Jostedalsbreen nasjonalpark – Utvalssak 10/23 – Sunndalssætra – Fasadeendring Haraldeselet



## Saksopplysningar

Klagen er attgjeven nedanfor:

*Tiltakshavar er usamd i vedtaket om avslag på søknad om fasadeendring. Vil peike å ein del moment i sakshandsaminga, der det kan sjå ut som om sakshandsamar uttalar seg på sviktande grunnlag.*

*Til vurderinga:*

*Det vert av sakshandsamar sett bort frå/bagatellisert behovet for rømningsveg i tilfelle brann.*

*Kommunalt branntilsyn 23.06.22 v Kolbein Fridtun sin konklusjon : Kravet til rømningsveg er oppfylt med døra vestover. Dei andre vindua er for små. Selet er langt ca12m, så dette er ei god løysing.*

*Vil gjere merksam på at det gamle vindauget, med storleik, plassering og utforming med sidehengsling ivaretok rømningsvegfunksjonen. Har større tillit til fagetaten sin kompetanse enn nasjonalparkforvaltar når det gjeld branntryggleik.*

*Når det gjeld vurdering av fasadeendring så er denne svakt fagleg begrunna. Brotet med tradisjonell byggeskikk på Sunndalssætra vart gjort tidleg på 1970 talet i samband med utviding av selet. At ein prøvar å rette opp noko av det visuelle inntrykket må sjåast på som positivt. Når tiltakshavar no, etter å ha vurdert utsjånaden vil forblende dei to nederste rutene i døra, vil inntrykket bli endå nærmare tradisjonell storleik og urforming av vindauge på sætra.*

*Funksjon. Dørvridar på utsida er teken bort, så døra vil berre kunne opnast frå innsida, og dermed ha ein annan funksjon enn ei vanleg dør.*

*Gjennom å erstatte det gamle store vindauget med den innsette altandøra, og med dei tiltak som er gjort (forblending og fjerning av dørvridar) vil ein ta vare på funksjonen som rømningsveg og samstundes gjere det visuelle inntrykket meir i tråd med tradisjonell byggeskikk. Vil tillate meg å stille spørsmål ved konklusjonen om at å setje inn ein kopi av det gamle vindauget skal vere ei god løysing. Denne konklusjonen kan eg ikkje sjå er verken byggfagleg eller estetisk begrunna.*

*Omsyn til tradisjonell byggeskikk viser det seg også store manglar i sakshandsamar sitt kunnskapsgrunnlag. Eg vil påpeike at etter tradisjonen har alle sela på Sunndalssætra som er orientert i retning aust-vest har hatt inngangsdør i vestveggen. Dette er på grunn av verforhold og mest dominerande vindretning. Argumentet mot eventuell dør i vestveggen og brot på tradisjonell byggeskikk fell såleis bort.*



Min påstand er at **det er særlege grunnar** for at utskifting av det gamle vindauget med ei dør er ei god løysing. Det tek i vare branntryggleiken i tråd med faglege tilrådingar, og det visuelle inntrykket av selet blir meir i tråd med tradisjonell byggeskikk. Dør i vestveggen er også i gammal tradisjon, sjølv om funksjonen med dagens løysing er meir av tryggsleiksmessig karakter.

Heile konklusjonen til sakshandsamar kviler tilsynelatande på frykta for at den omsøkte fasadeendringa kan skape presedens i andre saker.

Vil be om at søknaden om fasadeendring vert vurdert ut frå faglege tilrådingar og med byggfagleg kompetanse opp mot tradisjonell byggestil. Det vil vere beklageleg om manglande kunnskapsgrunnlag og personlege vurderingar skal vere førande for resultatet i slike saker.

Frykta for presedens er blitt kobla opp mot føre-var-prinsippet og konsekvens for stølsmiljøa og verneverdiane i nasjonalpaken, og ser ut til å vere styrande for konklusjonen.

Det faglege grunnlaget for vedtaket som er fatta held ikkje mål, og dette gjev ein konklusjon som eg er sterkt usamd i.

Som grunneigar, og forvaltar av sætra i frå lenge før nasjonalpark var oppretta, føler ein seg trakka på når ein får slik sakshandsaming og konklusjonar mot seg. Ein prøvar på beste måte å ta vare på sel og sætremiljø, og blir møtt av sit stivbeint byråkrati og paragrafrytteri. Sit med ein følelse av at her var konklusjonen lagd på førehand, og argumentasjonen tilpassa denne. Håpar eg tek feil.

## Heimelsgrunnlag

### Verneføremål – verneforskrift

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er definert i kapittel 3 i verneforskrifta:

«Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.»

Landskapet er etter verna mot alle inngrep, verneforskrifta kapittel 4 punkt 1.1.

Kapittel 4, punkt 1.2., 1. strekpunkt seier at:

«Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for:

- at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggeskikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast.»

Kapittel 4, punkt 1.3., 1. strekpunkt seier at:



«Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til:

- byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området»

§§ 28-34 i forvaltningslova gjev heimelsgrunnlaget for handsaming av klager på enkeltvedtak. Ei klage skal alltid sendast det forvaltningsorganet som har fatta vedtaket. I tråd med forvaltningslova § 33 skal underinstansen førebu klagen. Nasjonalparkstyret skal difor førebu klaga og kan endre eller oppheve vedtaket som er påklaga dersom dei finn klaga grunngeve. Dersom vilkåra for å handsame klaga ikkje ligg føre skal underinstansen avvise saka (jf. forvaltningslova § 33, andre ledd). Om nasjonalparkstyret held fast på vedtaket, skal klaga sendast over til Miljødirektoratet som er klageinstans (jf. forvaltningslova § 33, fjerde ledd).

Forvaltningslova § 42 gjev opning for at det kan gjevast utsett iverksetjing av vedtak.

## Vurdering

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre handsama i sitt møte 10.05.2023 to saker som gjaldt restaureringa av Haraldeselet på Sunndalssætra.

Fyrst i utvalssak 10/23 vart søknad om fasadeendring handsama, og det vart vedteke å avslå søknaden om fasadeendring. Dette er eit enkeltvedtak som Sverre Guddal har klaga på. Klagar er part i saka og har rettsleg klageinteresse (jf. forvaltningslova § 28). I forvaltningslova § 29 går det fram at klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er kome fram til vedkomande part, eller frå det tidspunkt han har fått eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Vedtaket vart sendt ut på epost 25.05.2023 og klaga vart motteke den 06.06.2023. Klaga er såleis motteken innanfor tidsfristen.

I utvalssak 11/23 vedtok nasjonalparkstyret å pålegge retting av tiltak. Dette er ikkje eit enkeltvedtak som kan klagast på. Fristen for retting av tiltaket er sett til 15.september 2023.

Klagar har ikkje søkt om utsett verknad av pålegg om retting fram til klagesaka er handsama. Nasjonalparkforvaltar vurderer det som naturleg å likevel gje utsett verknad av pålegg om retting i denne saka til etter at klagesaka er ferdig handsama.

Nasjonalparkforvaltar kan ikkje sjå at det i klaga kjem fram nye moment til saka og tilrår difor at nasjonalparkstyret held fast på tidlegare vedtak om å avslå søknad om fasadeendring.





Arkivsaksnr: 2023/8944-0

Sakshandsamar: Trygve Snøtun

Dato: 14.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	18/23	20.06.2023

## Jostedalsbreen nasjonalpark - Briksdalen - søknad om fleirårig løyve til motorferdsel - vedlikehald av turveg - Per Briksdal

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i punkt 4.3, andre strekpunkt, i verneforskrifta, til Briksdalsbre Fjellstove for motorisert ferdsl med traktor for vedlikehald av stien frå vernegrensa i Briksdalen til bresanden framfor Briksdalsbreen. Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld for inntil 2 dagar pr. år i fire år (frå og med 2023 til og med 2026).
2. Løyvet gjeld ikkje motorisert ferdsl i juli og august, helg (laurdag og søndag) eller offentlege fridagar.
3. Løyvet om motorisert ferdsl gjeld berre for vedlikehald av sti/turveg.
4. Det skal nyttast traktor som er tilpassa storleiken på stien/turvegen, altså små, for å hindre utviding og endring av denne.
5. Dersom det er akutte behov for vedlikehald etter hendingar i juli/august, skal dette avtalast med nasjonalparkforvaltar.
6. All motorferdsl skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og skal ikkje uroe dyreliv eller friluftsliv.
7. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (mob. 95 96 38 88) eller nasjonalparkforvaltar skal varslast seinast dagen før planlagt gjennomføring.
8. Nasjonalparkstyret skal ha ein skriftleg rapport om køyring kvart år innan 1. desember.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre handsamar søknader om motorferdsl etter verneforskrifta. Eventuelt løyve etter motorferdslslova er det kommunen som handsamar. Grunneigar må gi løyve til køyring og landing på sin eigedom.



## Saksopplysningar

### Dokument i saka


- Søknad på e-post datert 23.05.2023 frå Per Briksdal ved Briksdalsbre Fjellstove.
- Telefonsamtale mellom forvaltar Tor Arne Hauge og Per Briksdal den 23.05.2023.
- Naturmangfaldlova
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1991
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1994

### Søknaden

Søknad vart sendt til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 23.05.2023 med ønskje om eit fleirårig løyve til motorferdsel i samband med vedlikehald av sti/turveg frå vernegrensa i Briksdalen til bresanden framom vatnet ved Briksdalsbreen. Kvar år er det fleire hundretusen besøkande i området. Dette saman med at vatn vaskar vekk massar gjer at det er naudsynt med noko vedlikehald av turvegen relativt ofte. For å gjere det meir føreseieleg med vedlikehald ønskjer Briksdalsbre Fjellstove eit fleirårig løyve. Strekning som er omsøkt er teikna inn i figur 1, og går om lag 120 meter innanfor nasjonalparken.

*«Kvar vår / sommar er det behov for å vøle noko på stien ved Briksdalsbreen. Fra skiltet Jostedalsbreen Nasjonal Parkt og inn til bresanden. Årleg er det grus som blir vaska bort og som må erstattast,- spesielt der ein går i «tunnell under steinane» like før bresanden Dette er årleg vedlikehold. Det er tungvindt og vanskelig å gjere dette med trillebåre og handmakt.*

• *Vi søker om løyve til å køyre inn med motorisert køyretøy, traktor for en 5 års periode til å utføre dette vedlikeholdet.»*



**Figur 1: Aktuell strekning for motorisert ferdsel i samband med vedlikehald av turvegen mot utsiktspunktet ved Briksdalsbreen.**



## Lovgrunnlag

Føremålet med nasjonalparken er

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høggjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (kapittel IV, punkt 4.3, andre strekpunkt) for motorferdsle for transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer. I denne saka er vedlikehald av eksisterande infrastruktur (turvegen) vurdert til å falle under dette strekpunktet. I tråd med verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*» Verneforskrifta seier vidare at vedlikehald av eksisterande stiar og løyper ikkje er forbode, så lenge ikkje verneføremålet er truga, jf. kapittel 4, punkt 1.2, tredje strekpunkt.

I forvaltingsplanen er området innanfor vernegrensa i Briksdalen definert som ei brukssone, der ein del tiltak kan tillatast, særskilt med tanke på dei mange besøkande. Tilrettelegging må ta strenge omsyn til naturkvalitetane i området, og tiltaka utførast med så små inngrep som mogleg, slik at naturpreget i området i størst mogleg grad blir halde ved lag.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Kring 300 000 personar besøker Briksdalen kvart år, noko som gjer området til ein av dei største naturattraksjonane i Noreg. Hovudmålet for dei fleste er å oppleve Briksdalsbreen. Den siste delen av stien/turvegen til bresanden framfor breen er innanfor verneområdet.

Stien/turvegen er viktig for kanalisering av ferdsel. Med så stort besøk vil det også vere stor slitasje av stien. Vidare går stien i eit landskap prega av aktive prosessar. Særskilt er det poengtert at vatn vaskar vekk grus, noko som skje både i vårmelting og ved mykje regn/flaumsituasjonar.

Stien/turvegen til bresanden framfor Briksdalsbreen må fungere til kanalisering av folk, slik at ikkje ferdselen spreier seg i terrenget. Ei spreining av ferdselen vil kunne påverke eit større område negativt, det kan oppstå farlege situasjonar og opplevinga av området vil bli dårlegare. Vedlikehald av stien er i tråd med forvaltingsplanen og ønskjeleg av forvaltninga. Det er ønskjeleg at tilpassa maskiner/traktor (små) blir nytta til arbeidet slik at naturpreget i



størst mogleg grad blir halde. Arbeidet bør bli gjort av mindre maskiner som ikkje utvidar stien slik at den får eit vegpreg.

Søknaden gjeld berre motorisert ferdsel i samband med eit vedlikehald av stien. Dersom det ønskje om å gjere endringar i breidde, bruk av massar eller omleggingar er dette søknadspiktig. Søkar bør ikkje utføre vedlikehaldsarbeid i hovudsesonen i juli og august med tanke på dei besøkande. Dersom det er akutte behov for vedlikehald etter ei hending, kan dette avtalast med nasjonalparkforvaltar.

Søkar ønskjer eit 5-årig løyve. Sidan styremedlemmer i nasjonalparkstyret blir valde for fire år, bør kvart styre ha høve til å handsame eit fleirårig løyve. Nasjonalparkforvaltar føresler difor at løyve blir på fire år.

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er god, informasjonen er henta frå forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark, naturbase og artsdatabanken, jamfør krava i naturmangfaldlova § 8 - § 9.

§ 11 i naturmangfaldlova om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er ikkje relevant i denne saka. Forvaltar meiner vidare at samla belastning av tiltaket (§ 10) er akseptabel, då det naudsynt med god kanalisering av folk ved Briksdalsbreen. Vanleg vedlikehald med motorisert ferdsel bør gjennomførast i periodar med lite trafikk. Sjølv om besøkande kan reagere på motorisert ferdsel når vedlikehald føregår, vil årleg vedlikehald av kring 120 meter med lett tilgjengeleg sti vil vere avgrensa i tid og stad. Sidan stien er lett tilgjengeleg for traktor/mindre maskiner, vil dette vere enklaste, billigaste og mest miljøvennlege alternativet for motorisert ferdsel. Alternativet er å gjere jobben manuelt, men dette er tungt og vanskeleg (§12).

Den motoriserte ferdsla kan påverke friluftslivet i området, men nasjonalparkforvaltaren meiner at vilkåra i løyvet reduserer påverknaden. Av omsyn til folk som ferdast i området, bør det setjast vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. Nasjonalparkstyret plar gje fireårige løyve, og forvaltar tilrår at søknaden frå Briksdal også vert tildelt fireårig løyve i praksis med tidlegare løyver.





Arkivsaksnr: 2023/6883-0

Sakshandsamar: Trygve Snøtun

Dato: 14.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	19/23	20.06.2023

## Jostedalsbreen nasjonalpark - Skåla - Fleirårig løyve til motorferdsel med helikopter - Bergen og Hordaland Turlag

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gir løyve med heimel i verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 4.3, andre strekpunkt Bergen og Hordaland Turlag løyve til bruk av helikopter til transport av ved, gass, forbruksmateriell, proviant, avfall, dokaggar og anna driftsrelatert materiell til turlagshyttene på Skåla for åra 2023, 2024, 2025 og 2026.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld inntil 10 landingar/dropp ved Skålabu per år. Traséen skal følgje kortaste veg frå Lodalen til Skålabu, der aktuelle utflygingspunkt er Breng eller Stølsvadet.
2. Løyvet gjeld for 1.mai til 10.juni og 1.august til 30.november kvart av åra 2023-2026.
3. Det skal ikkje flygast på laurdagar, sundagar, heilagdaggar eller andre offentlege fridagar.
4. Løyvet gjeld for transport av ved, gass, proviant og anna naudsynt utstyr for drift av hyttene på Skåla, samt utflyging av boss og anna utstyr. Dersom det trengs folk til å ta imot underhengande last frå helikopteret, må desse flygast opp innan den same ramma på 10 turar.
5. Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, og vere mest mogeleg konsentrert i tid.
6. Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området.
7. Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (mob: 95963888) eller nasjonalparkforvaltar (mob: 95794484 eller 90192471) skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
8. Løyve til helikoptertransport skal takast med under transporten.
9. Jostedalsbreen nasjonalparkstyret skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1. desember kvart år om gjennomført helikoptertransport. Rapporten skal skildre tal hiv, dato, kva som er transportert og eventuelt andre observasjonar.

Vi gjer merksam på at de i tillegg til dette løyvet må ha nødvendige løyve til motorisert ferdse frå Stryn kommune og grunneigarar.



## Saksopplysningar

### Dokument i saka

- Søknad på epost frå Bergen og Hordaland Turlag (BHT) – datert 04.05.2023.
- Søknad om flygeløyve til Skåla for 2023 frå BHT – datert 03.05.2023.
- Delegert vedtak – Jostedalsbreen nasjonalpark – Skåla – Motorferdsel med helikopter – BHT – datert 05.05.2023.
- 

### Søknaden

Bergen og Hordaland Turlag har tidlegare hatt fleirårig løyve til transport med helikopter for drift av Skålatårnet. Fleirårig løyve gjekk ut i ut fjor, og nytt fleirårig løyve må handsamast av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

*«Bergen og Hordaland Turlag vil med dette søkje om løyve til helikoptertransport til Skålatårnet og Skålabu i Stryn kommune. Aktuelle stader for utflyging er Breng (N61.8437 E6.9390) eller frå Stølsvadet (N61.8509 E6.8892) der det er godt eigna for klargjering av hiv for transport og der returhiv kan plasserast utan at det er til sjenanse for andre. Me planlegg å bruke Airlift til transportoppdraga.*

*For å drifte hyttene på Skåla er me heilt avhengige av å få transportert opp ved, proviant, gass og anna naudsynt utstyr, og returnerer samtidig avfall, dokaggjar og tomgods. Det er i praksis ikkje mogeleg å gjennomføre dette utan bruk av helikopter.*

*Det er planlagt to transportar per år sidan me ikkje har stort nok vedlager for eit heilt år. I tillegg er det veldig nyttig å kunne supplere med proviant og skifte sengklede to gongar i året, og det kan vere nødvendig å tømme dokaggane fleire gonger for året.*

*Samla omfang av helikoptertransport er ca. 8-10 hiv per år, men me vil gjerne søkje om ei ramme på 12 hiv per år så me har litt fleksibilitet dersom det skulle dukke opp større transportbehov. Me vil uansett minimere talet på hiv på grunn av økonomiske og miljømessige omsyn.*


*Me ser for oss å arbeide etter same retningslinjer som det førre løyvet (ref. 2019/3916-0 432.3) og vil utføre ein transport i mai og ein i tidsrommet august-november. Om mulig ynskjer me å utvide perioden for flyging på våren fram til 10. juni, då det av praktiske årsaker, fleire helgedagar og varierende vêr, kan vere vanskeleg å få gjennomført flyging i mai måned.*

*Me søkjer difor om:*

- Løyve til flyging for 5 år (2020 – 2025)
- Inntil 12 hiv per år
- Transport av ved, gass, forbruksmateriell, proviant, avfall, tømning dokaggjar og anna driftsrelatert transport.
- Flyging to gongar per år:



- o 01. mai – 10. juni
- o 01. august – 30. november»



Figur 1: I søknad om fleirårig løyve vart dette kartet sendt. Det viser planlagt utflygingsområde (Bregg og Stølsvadet) og målet Skålatårnet.

### Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Naturmangfaldlova.

### Verneforskrift og verneformål

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.





- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.1. Verneforskrifta har reglar mot lågtflyging under 300 meter over bakken.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for mellom anna transport av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer, jf. verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.3, andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.3 skal fylgjande leggast til grunn for vurdering av søknaden: *Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*

I forvaltingsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark står det: *«Motorisert ferdsl i samband med drift og vedlikehald av opne (turlags-)hytter skal kunne halde fram som før. Av hytter i nasjonalparken er drifta av Flatbrehytta (sjølvbetjent) og Skålatårnet (sjølvbetjent) så omfattande at det er aktuelt å gje løyve for fleire år om gongen for eit fast antal helikopterturar.»*

I tråd med naturmangfaldlova (NML) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Bergen og Hordaland Turlag fekk 05.05.2023 delegert løyve (ref. 2023/6883) til å nytte helikopter til transport av diverse varer og materiell til Skåla før hovudsesongen starta for turisthytta. Tidlegare har BHT hatt fleirårig løyve til drift av turisthytta, og no søker dei om nytt fleirårig løyve. Skålatårnet ligg høgast av alle hytter (1843 moh.) kring Jostedalsbreen. Å drifte ei turisthytte så langt vekke og høgt opp er krevjande, og i dag blir helikopter nytta for å få dette til.

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorisert ferdsl i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsle til det som er strengt naudsynt. Eit av hovudføremåla med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er å *gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging*. Men det følgjer naturleg av ei turisthytte i nasjonalparken å også gje løyve til transport av ved, gass og proviant. Helikopter er det motoriserte framkomstmiddelet som er mest brukt i Jostedalsbreen nasjonalpark, og andre driftsmetodar for transport av større mengde materialar og liknande er ikkje moglege til Skålatårnet, utan at konsekvensane for naturmangfaldet blir større (§ 12 nml).

For dyreliv har motorferdsel ein forstyrrende effekt. Jamfør Statsforvaltaren i Vestland er det registrert hekkelokaliteter av sårbare artar i utkanten av ein stor radius rundt den planlagde flyginga. Det er likevel så langt unna at det ikkje vil bli påverka av støyen dersom flyginga



held seg langs traseen, som vart skildra i kartet. Det kan ikkje utelukkast at det er fleire hekkelokalitetar i det omsøkte området, men vi har ingen registreringar eller observasjonar pr. dags dato (§ 8 nml).

Motorferdsel har ei uroande effekt på friluftslivet. I byggjeløyvet for Skålabu (jf. styresak 22/15) var eit av vilkåra at nivået på motorferdsel i driftsfasen skulle ligge på om lag det dåverande nivå i 2015. Det har vore uroing for om det har vore for mykje motorisert ferdsel kring Skålatårnet siste åra. Arrangementet Skåla Opp som har hatt mange helikopterløyver siste åra, er blitt avvikla. Det er difor venta at det vil vere mindre motorisert ferdsel i området dei neste åra, slik at den samla belastinga (§10 nml) også blir mindre. Det er likevel om å gjere å halde helikopterbruk på eit så lågt nivå som mogleg.

Vi ser samstundes at det å ikkje gje løyve, kan ha ei negativ innverknad på friluftslivet, ved at det blir dårleg drift av Skålabu. God og føreseieleg drift av hytta vil gje dei besøkande gode opplevingar av Jostedalsbreen nasjonalpark. Forvaltninga har god kunnskap om området slikt at føre-var-prinsippet (§9 nml) ikkje er aktuell å nytte. § 11 nml er ikkje relevant i denne saka.

Det er naudsynt for Bergen og Hordaland Turlag å ha helikopterløft med diverse gods for å kunne drifte Skålabu. Skåla er eit poplært turmål som ligg over 1800 moh. Det er difor viktig for opplevinga av turen og nasjonalparken, og i tillegg tryggleiken, at det er høve til å drifte Skålabu. Det er ingen andre realistiske måtar å gjere det på, enn å måtte nytte helikopter til transport av diverse gods.

BHT planlegg som tidlegare at det vil vere transport to gonger i løpet av året, ein om våren og ein på hausten. Dette er av praktiske årsaker.

Det er eit ønskje om å halde motorisert ferdsel i nasjonalparken på eit minimum. BHT søker om to ekstra løyver per år i forhold til tidlegare for å ha meir fleksibilitet om noko ekstra transportbehov dukkar opp. Nasjonalparkforvaltar meiner at det ikkje er nokon spesiell grunn til at BHT skal ha fleire turar i reserve. Det har tidlegare vore uttala at det ikkje skal bli meir motorisert ferdsel i driftsfasen. Om det er noko særskilt som er naudsynt å frakte opp i perioden, kan forvaltar handsame ein søknad delegert frå nasjonalparkstyret.

Vidare er det søkt om løyve for 5 år. Ein etablert praksis er at det ikkje blir gjeve løyve for meir enn 4 år om gongen, då også nasjonalparkstyra blir oppnemnt for 4 år.



Arkivsaksnr: 2023/3252-0

Sakshandsamar: Trygve Snøtun

Dato: 14.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	20/23	20.06.2023

## Jostedalsbreen nasjonalpark - Lundebotn-Tverrfjellet - Innspel til planprogram - Jostedalsbreen AS

Vedlegg:

1 Planprogram - Detaljreguleringsplan Jostedalsbreen gondol

### Innstilling frå forvaltar

Den vil vere viktig for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre at det er grundige utredningar om korleis planen om gondol til Tverrfjellet vil kunne påverke verneverdiar og verneføremål i nasjonalparken. Kring toppunktet er det få andre alternativ enn inn i verneområde om det skal bli tilrettelagt for utandørs aktivitetar. I eit krevjande terreng og klima må tryggleiken også bli godt ivaretatt. Vidare tilseier klimaendringar at det kan bli store endringar dei neste åra, noko som bør vere teke omsyn til i ein plan. Til slutt må tiltaket vurderast om det foreinleg med vern i det heile.

Forslag til utgreiingar:

- Kva aktivitetar skal føregå kor? Kva infrastruktur som stiar og sikring er naudsynt? Korleis påverkar dette verneverdiar og verneføremål?
- Korleis skal ein handsame tryggleik for dei besøkande?
- Framskrivning av korleis klima og breen blir dei neste åra? Korleis påverkar dette bruken av området? Og korleis påverkar det naturverdiane?
- Kan næraste område kring gondolen vere nasjonalpark om denne blir realisert?

### Saksutgreiing

Jostedalsbreen AS har starta arbeid som har til formål å legge til rette for etablering av gondolbane i Kjøsnestjorden. Bana er føreslått etablert frå Lundebotn ved rv.5 til Tverrfjellet, like utanfor nasjonalparkgrensa men i randområdet til Jostedalsbreen nasjonalpark. Planprogrammet skal gjere greie for formål med planarbeidet, vidare planprosess, opplegg for medverknad, alternativ og kva for utgreiingar som er naudsynte.




Tiltaka som planen legg til rette for fell innanfor § 8 i forskrifta om konsekvensutgreiingar. Etter ei konkret vurdering etter kriteria i § 10 i forskrifta om konsekvensutgreiingar, der omsynet til Jostedalsbreen nasjonalpark er særskilt vektlagt, er det konkludert med at planarbeidet fell innanfor verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vil vere ein høyringspart i saka, sjølv om planlagt tiltak skjer utanfor vernegrensa, dersom tiltaket kan påverke verneverdiene innanfor, jf. §49 i naturmangfoldlova.

#### **§ 49.(utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde)**

*Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.*

Sidan plangrensa går parallelt med vernegrensa rundt Tverrfjellet på kring 1500 moh., vil etablering av gondol like utanfor også ha ringverknader innanfor nasjonalparken (figur 1).



Figur 1: Oversiktskart som syner avgrensing av planområdet med inndeling av tiltakssoner. Vernegrensa til Jostedalsbreen nasjonalpark er markert med grøn farge.

I forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark står føremålet for vernet i kapittel III:

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av



- teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

I besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027 er Lundaskaret sagt å vere eit startpunkt og innfallsport til Jostedalsbreen. Turistløypa opp Lundaskaret er ein gamal ferdselsveg og har historie/kvalitetar som gjer den særskilt verdifull for friluftsliv. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har dei seinare åra vore med og restaurere turistløypa opp Lundaskaret. I besøksstrategien er det lagt opp til at ein skal prøve å gjere tilkomsten frå parkeringa til stistart tryggare. Det er og planlagt sett opp informasjon om nasjonalparken ved parkeringa. Lundaskaret er nordvendt og svært bratt turløype som seint vert fri for snø og is. Ferselsteljar registrerte om lag 700 turgåarar på stien i 2022. Eit år med betre vær vil besøkstala vere høgare, men turløypa opp Lundaskaret er likevel ikkje av dei mest besøkte innfallsportane til Jostedalsbreen nasjonalpark.

Jostedalsbreen AS planlegg for heilårsdrift av gondolen, med mellom 70 000 og 90 000 besøkande kvart år. Toppstasjonen er tenkt å verte mellom 1000 og 2500 kvadratmeter og plassert like nedanfor toppunktet og vernegrensa på Tverrfjellet. Tekniske løysingar som vatn, avlaup, energi og beredskap på toppstasjonen er ikkje avklart, og det er uklart om noko av dette vil påverke inn i nasjonalparken.

Plasseringa av toppstasjonen gjer at ein får god utsikt over Kjøsnesfjorden, men ein må innanfor vernegrensa for å få oversikt over breen. Utsikt over breen er likevel oppgjeve som ein viktig grunn til at ein ønskjer gondol til Tverrfjellet. Sidan området utanfor verneområdet verkar lite eigna til aktivitet og friluftsliv på grunn av det bratte relieffet i området, verkar det sannsynleg at mykje av aktiviteten vil måtte skje innanfor nasjonalparken. I planprogrammet står det at «ein skal legge til rette for eit breiare aktivitetstilbod på Tverrfjellet.» Kva aktivitetar kjem ikkje planprogrammet inn på. Det er grunn til å tru at mykje av denne planlagde aktiviteten kjem til å gå føre seg innanfor nasjonalparken. Det er difor nødvendig at ulike aktuelle aktivitetar ved Tverrfjellet blir betre spesifisert og at konsekvensane av auka aktivitet vert utgreidd grundig i planprosessen for det tradisjonelle friluftslivet, sikkerheit for dei besøkande og naturmiljøet innanfor og utanfor nasjonalparkgrensa.

Den einaste registrerte stien i området i dag er stien opp Lundaskaret. Dette er ein bratt, krevjande og nordvendt sti som ofte blir snøfri seint på sommaren. Denne stien og topografien i området tilseier at det er vanskeleg å finne eigna alternativ for folk med lite erfaring frå fjellet. Tryggleiken for folk som kan ta gondol til brekanten på 1500 meters høgde vil vere utfordrande, særskilt om ein skal ta omsyn til verneføremålet til nasjonalparken om utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.

Sjølv om tiltaket med gondol og toppstasjon er plassert utanfor nasjonalparken, vurderer nasjonalparkforvaltarane at tiltaket er i strid med verneføremålet «*å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging*» sidan naturopplevinga ein får ved og i nasjonalparken er på grunn av ein stor teknisk tilrettelegging.

Jostedalsbreen er i stadig endring. Dei seinare åra har tjukna og utbreiinga av breen stort sett minka dei fleste stader, og klimaendringane som no skjer vil mest sannsynleg påskunde denne utviklinga. Endringane vil vere av betydning for ein framtidig gondol til Tverrfjellet. Det



bør difor utarbeidast ei framskriving som skildrar korleis dei næraste delane av Jostedalsbreen vil utvikle seg dei neste 50 åra.

Ein gondol til Tverrfjellet vil opne for at ei større brukargruppe får tilgang til fjellområdet og Jostedalsbreen som friluftsområde. I utgangspunktet kan dette verke positivt, sidan vi ønskjer «Velkomen inn!» til Norges nasjonalparker. Målet med Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sin besøksstrategi 2021-2027 er:

- Å ta vare på naturverdiane i nasjonalparken og i randområda
- Å gje alle dei besøkande ei betre naturoppleving
- Å bidra til auka verdiskaping i bygdene rundt breen

*Nasjonalparkforvaltning si primæroppgåve er å forvalte nasjonalparken for å ivareta naturverdiane på lang sikt. Samstundes skal besøksforvaltninga leggje til rette for og styre bruken av verneområdet, slik at opplevinga for dei besøkande og den lokale verdiskapinga vert størst mogeleg, forståinga av vernet vert auka og verneverdiane vert teke vare på. Dersom det er motstridande målsetjingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for besøkande og lokal verdiskaping, skal ivaretaking av verneverdiane leggjast størst vekt på.*

Men etter nasjonalparkforvaltarane si vurdering vil gondol til Tverrfjellet medføre store utfordringar for sikkerheit for dei besøkande. Dette må difor utgreiast særleg i den vidare planprosessen.

Dei mange besøkande vil truge den sårbare naturen i området rundt Tverrfjellet også inn i nasjonalparken. Det er etter nasjonalparkforvaltarane si vurdering verte eit viktig spørsmål å avklare om området ved Tverrfjellet framleis kan vere nasjonalpark dersom gondolplanane vert realisert.

**ST 21/23 Orienterings- drøftings- og referatsaker**  
**ST 22/23 Delegerete saker**



**Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupneststed

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3133  
sfvlp@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

BERGEN OG HORDALAND TURLAG  
Tverrg 4-6  
5017 BERGEN

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2023/6883-0

Dykkar ref.

Dato 05.05.2023

## Delegert vedtak

<b>Delegasjonssak</b>	<b>2/2023</b>
-----------------------	---------------

# Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Skåla - Motorferdsel med helikopter - Bergen og Hordaland Turlag

## Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, er det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 4.3, andre strekpunkt får Bergen og Hordaland Turlag løyve til bruk av helikopter til transport av proviant, sengetøy, ved og gass til turlagshyttene på Skåla våren 2023.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld inntil 4 landingar/dropp ved Skålabu. Traséen skal følgje kortaste veg frå Lodalen til Skålabu, der aktuelle utflygingspunkt er Breng eller Stølsvadet.
2. Løyvet gjeld frå 8.mai til 31.mai i 2023.
3. Det skal ikkje flygast på laurdagar, sundagar, heilagdagane eller andre offentlege fridagar.
4. Løyvet gjeld for transport av ved, gass, proviant og anna naudsynt utstyr for drift av hyttene på Skåla, samt utflyging av buss og anna utstyr. Dersom det trengs folk til å ta imot underhengande last frå helikopteret, må desse flygast opp innan den same ramma på fire turar.
5. Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, og vere mest mogeleg konsentrert i tid. Om mogeleg, bør flyginga gå føre seg tidleg på føremiddagen eller seint på ettermiddagen.
6. Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området.
7. Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (mob: 95963888) eller nasjonalparkforvaltar (mob: 90192471) skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
8. Løyve til helikoptertransport skal takast med under transporten.
9. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1. desember 2023 om gjennomført helikoptertransport. Rapporten skal skildre tal hiv, dato, kva som er transportert og eventuelt andre observasjonar.





Vi gjer merksam på at de i tillegg til dette løyvet må ha nødvendige løyve til motorisert ferdsel frå Stryn kommune og grunneigarar.

### Dokument i saka

- Søknad på epost frå Bergen og Hordaland Turlag (BHT) – datert 03.05.2023
- Telefonsamtale med BHT datert 04.05.2023

### Søknaden


Bergen og Hordaland Turlag har tidlegare hatt fleirårig løyve til transport med helikopter for drift av Skålatårnet. Fleirårig løyve gjekk ut i ut fjor, og eventuell nytt fleirårig løyve må handsamast av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Søknad kom for seint til å handsamast av nasjonalparkstyret 10.mai 2023, så nasjonalparkforvaltar har fått søknad om helikopterløyve for det som er naudsynt våren 2023. Fleirårig løyve vil bli handsama i seinare møte i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

*«Me planlegg flyging til Skåla neste veke, og eg skulle i dag sjekke opp i Helikopterløyvet. Det viser seg då at det 4-årige løyvet gjekk ut i fjor. Eg må berre beklage at eg ikkje har oppdaga dette før og søkt i god tid.*

*Me håpar det er mulig å få på plass eit delegert løyve, så me kan gjennomføre transport neste veke. Planen er helikoptertransport onsdag 9. mai, men det kan vere det vert flytta 1-2 dagar i begge retningar på grunn av veret. Transporten denne gongen er:*

- 3-4 hiv opp med proviant, sengetøy, ved og gass
- 1-2 returhiv med skitne sengetøy og boss.

*Me ynskjer også å få på plass eit fleir-årig løyve, gjerne for 5 år, og søknad for dette vert sendt i morgon.»*



**Figur 1:** I søknad om fleirårig løyve vart dette kartet sendt. Det viser planlagt utflygingsområde (Breng og Stølsvadet) og målet Skålatårnet.

Bergen og Hordaland Turlag brukar å ha to transportdagar i året for å frakte ved, gass, forbruksmateriell, proviant, avfall, tømming av dokaggar og anna driftsrelatert transport, ein om våren og ein på hausten. I denne søknaden er det transporten vår 2023 som blir handsama.

### Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Naturmangfaldlova.



## Verneforskrift og verneformål

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.1. Verneforskrifta har reglar mot lågtflyging under 300 meter over bakken.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for mellom anna transport av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer, jf. verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.3, andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: *Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*

I tråd med naturmangfaldlova (NML) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsynt. Eit av hovudføremåla med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er å *gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging*. Men det følgjer naturleg av ei turisthytte i nasjonalparken å også gje løyve til transport av ved, gass og proviant. Helikopter er det motoriserte framkomstmiddelet som er mest brukt i Jostedalsbreen nasjonalpark, og andre driftsmetodar for transport av større mengde materialar og liknande er ikkje moglege til Skålatårnet, utan at konsekvensane for naturmangfaldet blir større (§ 12 nml).

For dyreliv har motorferdsel ein forstyrrande effekt. Jamfør Statsforvaltaren i Vestland er det registrert hekkelokaliteter av sårbare artar i utkanten av ein stor radius rundt den planlagde flyginga. Det er likevel så langt unna at det ikkje vil bli påverka av støyen dersom flyginga held seg langs traseen, som vart skildra i kartet. Det kan ikkje utelukkast at det er fleire hekkelokalitetar i det omsøkte området, men vi har ingen registreringar eller observasjonar pr. dags dato (§ 8 nml). Det er også observert den raudlista arten rype i området.

Motorferdsel har ei uroande effekt på friluftslivet. I byggjeløyvet for Skålabu (jf. styresak 22/15) var eit av vilkåra at nivået på motorferdsel i driftsfasen skulle ligge på om lag det dåverande nivå i 2015. Det har vore uroing for om det har vore for mykje motorisert ferdsel kring Skålatårnet siste åra. Arrangementet Skåla Opp som har hatt mange helikopterløyver siste åra, er blitt avvikla. Det er difor venta at det vil vere mindre motorisert ferdsel i området



dei neste åra, slik at den samla belastinga (§10 nml) også blir mindre. Det er likevel om å gjere å halde helikopterbruk på eit så lågt nivå som mogleg.

Vi ser samstundes at det å ikkje gje løyve som omsøkt, kan ha ei negativ innverknad på friluftslivet, ved at det blir dårleg drift av Skålabu. God og føreseieleg drift av hytta vil gje dei besøkande gode opplevingar av Jostedalsbreen nasjonalpark. Forvaltinga har god kunnskap om området slikt at føre-var-prinsippet (§9 nml) ikkje er aktuell å nytte. § 11 nml er ikkje relevant i denne saka.

Det er naudsynt for Bergen og Hordaland Turlag å ha helikopterløft med diverse gods for å kunne drifte Skålabu. Skåla er eit poplært turmål som ligg over 1800 moh. Det er difor viktig for opplevinga av turen og nasjonalparken, og i tillegg tryggleiken, at det er høve til å drifte Skålabu. Det er ingen andre realistiske måtar å gjere det på, enn å måtte nytte helikopter til transport av diverse gods.

### **Informasjon om klage**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Tor Arne Hauge  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:  
Stryn kommune  
SNO Jostedalsbreen

Tonningsgata 4

6783

STRYN



**Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupneststed

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3133  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

SUNNDALEN SANKELAG  
Folven  
6798 HJELLEDALEN

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2023/7635-2 432.3

Dykkar ref.

Dato 24.05.2023

## Delegert vedtak

Delegasjonssak	3/2023
----------------	--------

# Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel med helikopter - Sunndalssætra - Sunndalen sankelag

## Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak:

**Med heimel i kapittel IV, punkt 4.3, fyrste strekpunkt i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark vedtek nasjonalparkforvaltaren å gje Sunndalen sankelag ved Ingolf Folven løyve til motorferdsel med helikopter for transport av materialar til reparasjon av sankekvie på Sunndalssætra.**

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i perioden 24.mai 2023 til og med 15.juni 2023.
- Løyvet gjeld 1 hiv med materialar frå Sunndalen til Sunndalssætra, og 1 hiv med returlast frå Sunndalssætra.
- Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagane og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Sankelaget skal prøve å koordinere flyginga med andre tiltakshavarar som har dispensasjon til motorisert ferdsle på Sunndalssætra.
- Dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller underteikna (tlf 90 19 24 71) varslast pr. sms eller telefon.
- Det skal leverast ein skriftleg rapport til nasjonalparkforvaltar på epost [jostedalsbreen@statsforvalteren.no](mailto:jostedalsbreen@statsforvalteren.no) innan 10 dagar etter at flyginga er gjennomført.

Vi vil minne om at løyve etter motorferdselslova også må innhentast frå Stryn kommune.

## Dokument i saka

- Søknad om løyve til helikoptertransport frå Sunndalen sankelag, datert 04.05.2023.
- Forslag til skjøtelsplan for heilskapleg kulturlandskap, Sunndalen (NIBIO 2022)




## Søknaden

Sunddalen sankelag ved Ingolf Folven søkte 04.05.2023 om løyve til helikoptertransport av material med mål om å få reparere sankekvia på Sunndalssætra. Det er søkt om eitt hiv med materialer inn til sætra, samt utflyging av bygningsavfall som returlast. Det er eit mål om å samordne transporten med anna flyging til sætra, samt å få gjennomført all bruk av helikopter før beitedyr er komne til fjells.

*«Sunndalen sankelag skal renovere/ reparere sankekvia på Sunndalssætra. Tiltaket er godkjent for tilskot gjennom organisert beitebruk.*

*Det er snakk om eitt hiv med material, frå Sunndalen til Sunndalssætra, der materialene vil bli plassert ved eksisterande sankekvie. Transporten er tenkt gjennomført i mai, før det kjem beitedyr i området. Satsar på å samordne transporten med annen materialtransport inn til sætra og utflyging av bygningsavfall som returlast.»*

Nasjonalparkforvaltar har i etterkant vore i kontakt med Sunndalen sankelag for nokre avklaringar. I tillegg til materialar til reparasjon av sankekvia, er det planlagt å få transportert materiale til å utbetre gjerdet langs ein utsett del av stien, ved Sætrebruna.



Figur 1. Kart over Sunndalen



### Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark

### Verneforskrift og verneformål

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, jamfør forskrifta datert den 25. oktober 1991:

- *å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand*
- *å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging*
- *å verne om kulturminne og kulturlandskap*

Motorferdsle, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 m over bakken, er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta kapittel IV, 4.1). Det er likevel opning i verneforskrifta (kapittel IV, 4.3) for motorferdsel i samband med husdyrhald og for transport av materialar til naudsynte tiltak (verneforskrifta kapittel IV, pkt. 4.3).

Verneforskrifta kapittel IV, 4.3, 2. avsnitt skal leggjast til grunn for løyve etter verneforskrifta kapittel IV, 4.3. «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

Etter naturmangfoldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfold, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen frå 1994 står det, i kapittel 7.3.9 om motorferdsel:  
*f) Transportbehov i landbruket vil verte vurdert konkret.*

Sidan forvaltningsplanen vart laga i 1994 og Sunndalen vart ein del av nasjonalparken i 1998, er lite av forvaltningsplanen som treff tiltaka i dette området. I kapittel 7.2.1 om kulturlandskap står det at det er eit mål å halde på verdfullt kulturlandskap i verneområdet og at dette vil krevje beitedyr. Vidare står det: «*Grunneigartiltak som tek vare på det gamle kulturlandskapet ser vi positivt på.*»

### Vurdering

Forvaltar meiner at ei restaurering av sankekvia i Sunndalen vil vere eit positivt tiltak for beitebrukarane i området. For å få dette til er det naudsynt å frakte inn materialar. For å kunne halde på kulturlandskapet i Sunndalen i hevd er beitedyr viktig, jf. skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap i Sunndalen. Sankekvia er ikkje noko ny installasjon i Sunndalssætra, og det er difor snakk om vedlikehald av eksisterande installasjon. I retningslinjene i forvaltningsplanen står det at landbrukstiltak som fremjer verneføremålet



(herunder kulturlandskap) vil få positiv handsaming, jf. kapittel 7.3.1. Ei sankekvie vil vere til nytte for beitebrukarane i området, og gjere det enklare for bønder å nytte kulturlandskapet i Sunndalen til beiteområde.

Gjennom mange år forvaltningserfaring og ny skjøtselsplan for Sunndalen er det i dag godt dokumentert kunnskap om økologi, landskap og skjøtsel for aktuelt område. Så langt ein kan sjå vil ikkje det omsøkte tiltaket redusere kvaliteten på naturmangfaldet, men tvert i mot vil det kunne bidra til vidare berekraftig drift og bruk av kulturlandskapet (jf. § 8-9 i nml). Vidare står det at ein ønskjer å samordne transport med andre aktørar/grunneigarar som har transportløyve for å minimere uroing i tid. Sankelaget ønskjer vidare at transporten skal skje før beitedyr kjem til Sunndalssætra for å hindre at desse blir skremde av helikopter.

Den motoriserte ferdsla vil alltid kunne påverke friluftslivet i området i tidsrommet det føregår, men nasjonalparkforvaltaren vurderer at så lenge motorferdsla avgrensast til det heilt naudsynte, vil denne påverkinga vere minimal. Helikoptertransporten vil bli gjennomført før dyr kjem på beite og vil ikkje uroe beitedyr. Av omsyn til hekkande fuglar er det positivt at motorferdsla avgrensast i tid. Ein vil også prøve å koordinere med anna helikopterflyging i området, slik at samla belastning blir så lita som mogeleg (nml § 10). Inn til Sunndalssætra er ikkje andre transportmåtar enn helikoptertransport aktuelt når det er for mykje å frakte manuelt, jf. § 12 i nml. § 11 i nml er vurdert til ikkje å vere aktuell i denne saka.

I søknaden kjem det fram at ein ønskjer å gjennomføre transporten i mai, før beitedyra kjem til Sunndalssætra. Om det ikkje er beitedyr på Sunndalssætra, kan også starten av juni vere aktuelt. Dette vil gje litt større tidsrom for å kunne gjennomføre transporten.

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Tor Arne Hauge  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:  
SNO Jostedalsbreen  
Stryn kommune

Tonningsgata 4

6783

STRYN





**Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupneststed

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3133  
sfvlp@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

Anders Folven  
Peter Wanviks Veg 29  
7022 TRONDHEIM

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2019/4933-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 04.06.2023

## Delegert vedtak

<b>Delegasjonssak</b>	<b>4/2023</b>
-----------------------	---------------

# Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til utvida periode for flyging - Storselet på Sunndalssætra

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak:*

I medhald i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 4.3., andre strekpunkt gjev nasjonalparkforvaltaren Anders Folven løyve til å motorferdsle med helikopter til frakt av bygningsmaterialar og rivningsavfall i samband med riving/gjenoppbygging av Storselet på Sunndalssætra i Stryn kommune.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld bruk av helikopter til frakt av overskotsmaterialar og avfall ut av nasjonalparken etter byggeprosjekt på Sunndalssætra, jf. tidlegare løyve i sak 38/17, delegert sak 2/18 og delegert sak 12/2022.
- Løyvet dekkjer inntil 5 turar med helikopter frå Sunndalssætra til Sunndalen gard.
- Løyvet gjeld i perioden 04. juni 2023 til 15.juni 2023.
- Den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagane og på offentlege fridagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Flyginga kan gjerne kombinerast med andre transportoppdrag til Sunndalssætra som gjeld frakt av material, utstyr, proviant inn til setra, søppel ut frå setra, eller liknande, men skal halde seg til det løyvde talet turar.
- Seinast dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller underteikna (90 19 24 71) varslast pr. sms eller telefon.
- Det skal gjevast skriftleg rapport om flyginga til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre på epost innan 10 dagar etter flyginga som er gjennomført.

Vi vil minne om at nødvendige løyve etter lov om motorferdsel må innhentast frå kommunen, og løyve frå grunneigarar må vere på plass før flyging skal skje.



## Dokument i saka

- Søknad om utviding av flygetidspunkt, datert 01.06.2023
- Tidlegare styresak nr 38/17, frå møte 30.10.2017
- Delegert sak 18.05.2022
- Delegert sak 14.09.2022

## Søknaden

Søklar rakk av ulike grunnar ikkje å få flydd ut restmaterialar og rivningsavfall, frå det store byggeprosjektet som vart gjennomført i 2022, før fristen, som i delegert vedtak av 14.09.2022 var sett til 25.11.2022. Han søker difor om løyve på 4-5 turar for å flyge ut restmaterialar og avfall frå Sunndalssætra. Planen er å gjennomføre transporten i fyrste del av juni, i samband med at andre har fått løyve til flyging inn til Sunndalssætra med materialar. Samkøring med andre som har fått løyve til frakt inn til sætra vil kunne redusere det totale tal turar med helikopter til og frå Sunndalssætra.

## Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfaldslova)

## Lovgrunnlag

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av materialar til hytter m.v., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Frakt med helikopter er einaste realistiske fraktmåte for å store mengder byggematerialar og utstyr som det er trong for i samband med riving og gjenoppbygging av storselet på Sunndalssætra. Med ei maks lastevekt på om lag 1000 kg pr hiv så blir det trong for mange hiv i eit så stort byggeprosjekt.

Det er viktig for verneføremålet at det vert rydda godt opp etter det store byggeprosjektet som vart gjennomført på Sunndalssætra i 2022, og at alt av rivingsavfall og restmaterialar som ikkje vert nytta på staden vert frakta ut av nasjonalparken. Det er positivt at søklar planlegg å som ordne transporten av materialar ut av parken med andre aktørar som har løyve til frakt av materialar inn til Sunndalssætra. På denne måten vert belastninga redusert.

Den motoriserte ferdsle kan påverke friluftslivet i området dei dagane flyginga vert gjennomført, men nasjonalparkforvaltaren meiner at vilkåra i løyvet reduserer den



påverknaden på friluftslivet sidan det ikkje vert flyging i helgar og på heilagdaggar. Kunnskapen om naturmangfaldet er god, informasjonen er henta frå forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark og miljostatus.no (artar på raudlista, prioriterte artar, viktige naturtypar, utvalde naturtypar og villreinområde), og i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8.

Forvaltar meiner vidare at samla belastning av tiltaket (§ 10) er akseptabel, då den omsøkte motorferdsla også låg inne i vurderingane om byggeprosjektet. Det er noko flyging av material til andre bygningsprosjekt, men det er av avgrensa karakter. Førre-var-prinsippet får difor liten vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9, ei heller § 11. Det er ikkje alternative driftsmetodar for å frakte ut så mykje restmaterialar og rivingsavfall frå Sunndalssetra enn med helikopter (§12). Av omsyn til folk som ferdast i området og beitedyr, er det vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og førre til minst mogleg uro. Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet.

### **Informasjon om klage**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Tor Arne Hauge  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

SNO - Jostedalsbreen

STRYN KOMMUNE

SUNNDALEN SANKELAG

Tonningsgata 4  
Folven

6783  
6798

STRYN  
HJELLEDALLEN



**Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupneststed

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3139  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

HELIWING HELIKOPTER AS  
c/o John-Erik Sogn Setervegen 17  
2080 EIDSVOLL

Sakshandsamar Trygve Snøtun

Vår ref. 2023/7725-0

Dykkar ref.

Dato 05.06.2023

## Delegert vedtak

<b>Delegasjonssak</b>	
-----------------------	--

# Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til motorferdsel i samband med nasjonalt overvåkingsprogram - Heliwing Helikopter

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 15.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak*

## Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ved nasjonalparkforvaltaren gir, med i heimel i kapittel IV, punkt 4.3, tredje strekpunkt i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, løyve til Heliwing Helikopter til motorisert ferdsel med lågtflyging med helikopter og landing med helikopter i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med innsamling av forskingsdata i det nasjonale overvåkingsprosjektet «Arealrepresentativt naturovervaking» (ANO).

## Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Den motoriserte ferdsla skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området, og den skal gjennomførast mest mogeleg konsentrert i tid.
- Løyvet gjeld for 1 dag i perioden 07.08.2023 – 25.08.2023.
- Løyvet gjeld for 2 landingar kring Tverrelvebottsvatna innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark, Sunnfjord kommune.
- Løyvet gjeld ikkje søndagar.
- Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888) eller nasjonalparkforvaltar (tlf. 95 79 44 84) skal varslast seinast dagen før flyging, og forvaltar kan utsette flyging i særleg uføresette tilfelle.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha tilbakemelding i etterkant av feltarbeidet.

Løyvet gjeld for omsøkt aktivitet etter verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er ansvarleg for å innhente naudsynte løyver frå Sunnfjord kommune, samt frå grunneigarar.



## Dokument i saka

- Søknad frå Heliwing Helikopter om løyve til helikoptertransport i samband med nasjonalt overvakingsprogram, datert 16.05.2023.
- Vedlegg i søknad er skildring av tiltak frå prosjektleiar i NINA.

## Søknaden

Her er søknaden frå Heliwing Helikopter:

*«Vi er engasjert av Miljødirektoratet/NINA for å fly forskerteam til ulike prøvetaking lokasjoner i Norge. Se vedlegg om oppdraget. Vi hadde samme oppdraget i 2022 og fortsetter i år. Eitt av Miljødirektoratets ønskede punkter i 2023 er i Jostedalsbreen nasjonalpark. Vi henvender oss derfor til Jostedalsbreen Nasjonalparkstyre med anmodning om å få tillatelse til å lande.»*

Koordinater :

61.5578377 6.5944171 Ca 20 km Nord-vest av Fjærland

*Det er snakk om å 2 landinger totalt samme dag og de ønskes utført i løpet av uke 33. Opphold på bakken: 5 min. Oppdraget er gitt oss av Miljødirektoratet ved Norsk institutt for Naturforskning.*

*Vi vil sende separat søknad til kommunen vedr dispensasjon fra Motorferdselsloven dersom nasjonalparkstyret finner å kunne tillate tiltaket. Likeledes søknad til grunneier.»*

Vedlagt var også ei skildring av oppdraget frå NINA.

*«NINA har ansvar for det nasjonale overvåkingsprogrammet «Arealrepresentativ naturovervåking» på oppdrag fra Miljødirektoratet. I den forbindelse skal vi gjennomføre botaniske registreringer på over 600 lokaliteter i hele SørNorge, hvorav ca. 130 av disse i løpet av sommersesongen 2022.*

*Våre lokaliteter er valgt fra et såkalt «tilfeldig, arealrepresentativt utvalg», og ligger derfor spredt. Noen lokaliteter er plassert langt fra vei eller annen infrastruktur, og adkomst blir en utfordring. I enkelte tilfeller ser vi oss derfor nødt til å benytte helikoptertransport for å nå frem til våre lokaliteter, og for å kunne gjennomføre feltarbeidet innenfor den tidsrammen vi har tilgjengelig. Især i alpine områder må alle lokaliteter kartlegges i løpet av et relativt kort tidsvindu og det vil være for tid- og ressurs-krevende å gå til fots. Enkelte lokaliteter ligger også plassert slik i terrenget at vi vurderer helikoptertransport som eneste mulige adkomstvei.*

*Det er viktig at vi i et såkalt «arealrepresentativt utvalg» når frem til så mange lokaliteter som mulig for å sikre at vi dekker variasjonen i norsk natur når vi kartlegger. Vi anstrenger oss for å planlegge godt, slik at vi kun benytter helikoptertransport der vi mener det er avgjørende for å gjennomføre feltarbeidet. I år betyr det at vi ønsker å benytte helikoptertransport til 5 av våre til sammen 131 lokaliteter. For ytterligere detaljer henviser vi til søknad skrevet av Heliwing.»*

## Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark.



- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Naturmangfaldlova.

### Verneforskrift og verneformål

Kapittel III: Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 m over bakken, er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta kapittel IV, pkt. 4.1).

Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til motorferdsel i samband med vitenskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon, jf. kapittel IV, punkt 4.3. Fylgjande skal leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker som gjeld løyver etter verneforskrifta kapittel IV, pkt. 4.3.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Vurdering

Det nasjonale overvakingsprogrammet «Arealrepresentativ naturovervaking» (ANO) søkte i sak 12/23 om merking og uttak av små mengder plantemateriale for ANO-flate 1111, som ligg innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark i Sunnfjord kommune. Dette vart det gjeve løyve til.

ANO er eit overvakingsprogram som Miljødirektoratet står bak, og som NINA skal gjennomføre. ANO vil sjå på langsiktige endringar i norsk natur. Det er viktig med god kunnskap om naturen i dag og korleis naturen endrar seg over tid, også for forvaltinga.

Sidan lokalitetane i overvakingsprogrammet er «tilfeldig, arealrepresentativt utval», vil nokre av desse vere i vanskeleg tilgjengelege område og/eller langt frå næraste veg. Dersom prosjektet skal kunne gjennomførast som planlagt er det difor naudsynt å nytte helikopter til dei områda som er lengst vekk. ANO-flate 1111 er vurdert til å vere ein lokalitet der ein bør nytte helikopter.

I verneforskrifta til Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel 4, punkt 4.3 står det at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til mellom anna motorferdsel i samband med vitenskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon. ANO stettar desse krava.



Vidare i forvaltingsplanen står det i retningslinjene for forskning og undervisning (kap. 7.3.12): «Forskning og undervisning i Jostedalsbreamrådet er positivt og nyttig, men forskning og undervisning må ikkje gå ut over verneverdiane og verneinteressene.»

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsynt.

Undersøking med helikoptertransport er planlagt i veke 33. På denne tida er til dømes fugl mindre sårbar med tanke på hekking, og området er relativt lite nytta til friluftsliv (nml § 8). Etter nasjonalparkforvaltaren si oppfatning ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var-prinsippet får difor lita vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9, ei heller § 11. Helikopter er eit naudsynt hjelpemiddel for å kunne gjennomføre ANO på ein effektiv måte (nml § 12). Sjølv om tiltaket isolert sett i liten grad vil påverke naturlandskapet, må den einskilde søknaden vurderast etter prinsippet om samla belastning (naturmangfaldlova § 10). Nasjonalparkforvaltaren kan ikkje sjå at denne saka saman med dei andre dispensasjonane som er gitt i dette området samla sett vil føre til uheldig belastning.

### **Informasjon om klage**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Trygve Snøtun  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sunnfjord kommune  
Statsforvaltaren i Vestland

Postboks 338  
Njøsavegen 2

6802  
6863

FØRDE  
LEIKANGER



**Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupneststed

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3133  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

ERDALEN BEITELAG  
c/o John Magne Erdal  
6799 OPPSTRYN

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2023/8949-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 07.06.2023

## Delegert vedtak

<b>Delegasjonssak</b>	<b>5/2023</b>
-----------------------	---------------

# Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til frakt av grus , materialar til klopplegging og gjerdemateriell - Erdalen beitelag

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
14.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Med heimel i kapittel IV, punkt 4.3, fyrste strekpunkt i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark vedtek nasjonalparkforvaltaren å gje Erdalen beitelag ved John Magne Erdal løyve til motorferdsel med helikopter for transport av grus, materialar til klopplegging og gjerdemateriell til Storesætra i Erdalen.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld fredag 9.juni 2023
- Løyvet gjeld for inntil 30 hiv med grus og materialar frå Erdalen/Loppeset til Storesætra og område vist på kart.
- Det skal leverast ein skriftleg rapport til nasjonalparkforvaltar på sms eller epost [jostedalsbreen@statsforvalteren.no](mailto:jostedalsbreen@statsforvalteren.no) innan 10 dagar etter at flyginga er gjennomført.

Vi vil minne om at nødvendige løyve etter motorferdselslova også må innhentast frå Stryn kommune og grunneigarar.

## Dokument i saka

- Forslag til skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap, Erdalen (NIBIO 2022)

## Søknaden

Leiar i Erdalen beitelag tok kontakt med nasjonalparkforvaltar torsdag 1.juni pr telefon for å høyre om nasjonalparkforvaltninga hadde planar om å transportere grus og materialar til klopper og gjerde til Storesætra før dyra vart sleppt på beite i Erdalen.





Det er fire prosjekt som beitelaget i samarbeid med nasjonalparkstyret ynskjer å gjennomføre, og som alle medfører behov for helikoptertransport av ymse slag. Alle prosjekta er nemnt som prioriterte tiltak i tiltakslista for Buføringsvegen.

1. Ferdigstilling av punkt på buføringsvegen som var utbetra med fleire nye stikkrenner hausten 2022. Det er trong for påfylling av om lag 7,5 m<sup>3</sup> grus (0-16mm) i eit område innanfor Hesthammaren.
2. Utbetring og heving av eit blautt parti rett før setrevollen slik at dyr og folk lettare kjem seg forbi. Her er det trong for om lag 7,5 m<sup>3</sup> med grus (0-16mm) til toppdekke etter at det er plukka og fylt på stein for å heve stien.
3. Oppsetjing av sperregjerde med grind like ved stølsvollen, for å hindre at dyra tek seg heimatt mot Loppeset, og få dyra til å roe seg på stølen. Det er kjøpt inn materiell til el-gjerde og grind som må flygast inn til Storesætra.
4. Innanfor Storesætra er det eit flaumutsett parti på stien som er planlagt klopplagt. Materialar til klopplegging skal flygast inn til området.

Sjå figur 1 for planlagt område for dei 4 tiltaka. Kwart punkt er nummerert i kartet i same rekkefølge som punktlista ovanfor..

Eigenvekta på 0-16 mm grus er om lag 1,6 tonn pr kubikkmeter. Helikopteret vil normalt kunne løfte om lag 1000kg i kvart hiv. Det betyr at det trengs om lag 24 hiv for å frakte 15 kubikkmeter grus. I tillegg er det trong for minst 3 hiv med materialar og utstyr. Til saman skulle det bli 27 hiv.

For å vere på den sikre sida vert det søkt om inntil 30 turar med helikopter for å frakte grus og materialar frå Loppeset og inn i nasjonalparken til området rundt Storesætra.

### **Søknaden er vurdert i samsvar med**

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark

### **Verneforskrift og verneformål**

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, jamfør forskrifta datert den 25. oktober 1991:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Motorferdsle, inkludert landing med luftfartøy og lågt flyging mindre enn 300 m over bakken, er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta kapittel IV, 4.1). Det er likevel opning i verneforskrifta (kapittel IV, 4.3) for motorferdsel i samband med husdyrhald og for transport av materialar til naudsynte tiltak (verneforskrifta kapittel IV, pkt. 4.3).



Verneforskrifta kapittel IV, 4.3, 2. avsnitt skal leggjast til grunn for løyve etter verneforskrifta kapittel IV, 4.3. «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen frå 1994 står det, i kapittel 7.3.9 om motorferdsel:  
*f) Transportbehov i landbruket vil verte vurdert konkret.*

Sidan forvaltningsplanen vart laga i 1994 og Erdalen vart ein del av nasjonalparken i 1998, er det lite av forvaltningsplanen som treff tiltaka i dette området. I kapittel 7.2.1 om kulturlandskap står det at det er eit mål å halde på verdfullt kulturlandskap i verneområdet og at dette vil krevje beitedyr. Vidare står det: «*Grunneigartiltak som tek vare på det gamle kulturlandskapet ser vi positivt på.*»

## Vurdering

Buføringsvegen i Erdalen er restaurert med midlar frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Målet med dette prosjektet var å ta vare på eit viktig kulturminne samstundes som ein la til rette for framleis beitebruk innover Erdalen. Å lette tilkomsten for beitedyr inn til stølsområda vil vonleg gjere at fleire beitedyr brukar områda. Tre av tiltaka som det er søkt om transport til, grusing av punkt på buførevegen, heving av eit parti på buførevegen og oppsetjing av sperregjerde vil vere med å forenkle og leggje til rette for auka beitetrykk i stølsområda i Erdalen. Det fjerde tiltaket vil gjere lettare for folk å ta seg fram mellom Storesætra og Vetledalseter. Den tydelegaste faglege tilrådinga som går igjen i skjøtselplanen, er at det er svært viktig å halde oppe beitetrykket og om mogeleg auke beitetrykket i fleire delområde.

Utkast til skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap i Erdalen var ferdig hausten 2022. Alle dei fire tiltaka som det i denne saka vert søkt om løyve til motorferdsel til er i skjøtselsplanen tilrådde tiltak. Forvaltar meiner at dette talar for at det i denne saka bør gjevast løyve.

I retningslinene i forvaltningsplanen står det at landbrukstiltak som fremjar verneføremålet (her under kulturlandskap) vil få positiv handsaming, jf. kapittel 7.3.1. Det bør difor leggjast til rette for tiltak som vil vere til nytte for beitebrukarane i området, og gjere det enklare for bønder å nytte kulturlandskapet i Erdalen til beiteområde .

Gjennom mange år forvaltningserfaring og ny skjøtselsplan for Erdalen er det i dag godt dokumentert kunnskap om økologi, landskap og skjøtsel for det aktuelle området. Så langt ein kan sjå vil ikkje det omsøkte tiltaket redusere kvaliteten på naturmangfaldet, men tvert i mot vil det kunne bidra til vidare berekraftig drift og bruk av kulturlandskapet (jf. § 8-9 i nml).

Den motoriserte ferdsla vil alltid kunne påverke friluftslivet i området i tidsrommet det føregår, men nasjonalparkforvaltaren vurderer at så lenge motorferdsla vert avgrensa til ein dag, vil denne påverkinga vere minimal. Helikoptertransporten vil bli gjennomført før dyr kjem på beite og vil ikkje uroe beitedyr. Av omsyn til hekkande fuglar er det positivt at motorferdsla avgrensast i tid (nml § 10). Inn til Storesætra er andre transportmåtar enn helikoptertransport



lite aktuelt når det er for mykje å frakte manuelt, jf. § 12 i nml. § 11 i nml er vurdert til ikkje å vere aktuell i denne saka.

Nasjonalparkforvaltar vurderer det som positivt at Erdalen beitelag i samarbeid med nasjonalparkforvaltninga ynskjer å utføre fleire tiltak i tråd med den nye skjøtselsplanen for Erdalen og at nytten av motorferdsla er klart større enn ulempene.



Figur 1 Oversiktskart Erdalen med opplastingspunkt og avlastningspunkt markert.



### **Informasjon om klage**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Tor Arne Hauge  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:  
SNO Jostedalsskogen  
STRYN KOMMUNE

Tonningsgata 4

6783

STRYN